



# Me er på veg mot den nye kommunen i Hardanger **ULLENSVANG KOMMUNE**

## Ein ny, livskraftig og attraktiv kommune

Jondal, Odda og Ullensvang utgjer ein felles bu- og arbeidsregion og har samarbeid på fleire område over mange år. Som del av den nasjonale kommunereforma vedtok kommunane i 2016 å slå seg saman frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heita Ullensvang kommune og kommunesenteret skal vera i Odda.

Til grunn for samanslåingsvedtaket ligg intensjonsav-

tala som vart vedteken i kommunestyra i 2016. Intensjonsavtalen lyfter fram fylgjande prinsipp for samanslåinga:

*Å skapa ein ny kommune skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.*

*Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men*

*og ta inn over seg utfordringane i framtida.*

*Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.*

**Styringsdokument og prosjektplan** - legg rammene prosjektarbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune 2020.

[Les meir.....](#)

## Organisering

For at prosessen med å bygga ny kommune skal opplevas som god, er rolleavklaringa viktig. Det må vera klart kva for oppgåver, ansvar og mynde som vert lagt til dei ulike funksjonane/organa i prosjektorganisasjonen.


**Fellesnemnda** kan samanliknast med eit kommunestyre. Nemnda består av 19 folkevalde representantar, som er valde av og mellom medlemmene i dei tre herads- og kommunestyra.

**Partsamansett utval** kan samanliknast med administrasjonsutvalet i ein kommune.

**Prosjektorganisasjonen** Ingjerd Astad er engasjert

som mellombels prosjektlei- ar fram til fast prosjektlei- ar og rådmann for nye Ullensvang kommune er på plass. Tilsetting er planlagt i løpet av juni.

[Les meir....](#)



2018

Nyhende 1

## Me er i gang!

**Kommunesamanslåinga mellom Odda, Jondal og Ullensvang betyr at tre kommunale organisasjonar skal bli til ein.**

Det er mange oppgåver som skal løysast i tida fram til 2020. Prosessane er allereie godt i gang på alle nivå. Det er oppretta politiske -, koordinerte - og administrative arbeidsgrupper som skal kartlegge, planlegge og bygge ny kommune.

### Politiske arbeidsgrupper:

- Politisk hovudstruktur og politisk reglement

- Innbyggjarinvolvering i samanslåingsprosjektet
- Kultur og identitet i Ullensvang kommune
- Statlege arbeidsplassar
- RV. 13 og vegsambandet Odda Jondal

### Koordinerte arbeidsgrupper:

- Kommuneplan
- Arbeidsgjevpolitik
- Næring, samfunn og eigedom
- Økonomisk politikk og økonomireglement
- Eigarskap og interkommunalt samarbeid

- Delegeringsreglement

### Administrative arbeidsgrupper:

- Adm. organisering, stabsfunksjonar og utvikling av organisasjonen
- Oppvekst og utdanning
- Helse og omsorg
- Tekniske tenester, samferdsel, landbruk og miljø
- Kultur og innbyggjarinteraksjon

[Les meir...](#)

## Omstillingsavtale

**I samband me etablering av ny kommune fekk arbeidsgruppa HR/personal i mandat å utarbeide ein omstillingsavtale.**

Omstillingsavtala skal vera med på å sikre at alle tilsette i dei tre kommunane beheld jobben, og at det sikrar ein god prosess for dei som vil få

endring i arbeidsoppgåver og/eller nytt arbeidsstad. Den skal vera med på å skape tryggleik og ro i prosessen, der fokuset skal vera å byggja ny kommune.

Dei fleste tilsette vil oppleve lita endring med etablering av ny kommune, då me framleis skal yta tenestar der innbyg-

jarane bur. I hovudsak vil den største endringa verta i overordna leiing, organisasjonsstruktur, administrasjon og ikkje stadbunde tenester.

Omstillingsavtalen vart godkjent i fellesnemnda 27.04.18.

[Les meir...](#)



# Informasjon

[www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)

- her finn du nyhende, avtalar, planar og informasjon om korleis prosessen vert styrd. Du kan også lese alle saksdokument og referat frå fellesnemnda, PSU osv.

**Følg med på nettsida så du held deg orientert!**